



Årsmelding frå oppmann

Ørsta IL Alpin


Sesongen 2020-21






Å drive med idrett under pandemi er utfordrande, men ein må seie at ein som alpinistar stort sett har fått halde på med idretten som før, sjølvst med godt smittervern. Alpinistane har fått trent og konkurrert, med unntak av ei periode i vinter. Ørsta alpin er ein liten klubb, men har hatt stabilt antal løparar også denne sesongen. Vi ser at med at 2005- kullet er ferdig med aldersbestemte klasser vil vi miste nokre løparar neste år. Vi håper å få med nokre nye, slik at alpintmiljøet i Ørsta vil halde fram i mange år.

Skisesongen starta i mai med kretssamlingar på Juvass. Trenarar på kretssamlingane har i år, som i fjor, vore Anders Huseby og Kai Grønningsæter. Dette har vore gode treningar med tilbod om mange skidagar. I tillegg har det vore tilbod om samlingar for U12 både på Juvass og Bjorli. Dette har vore samarbeidssamlingar mellom klubbane i kretsen.



I løpet av perioden juni- desember deltok løparane i klubben på mange samlingar. U14/16 hadde tilbod om mange samlingar, dei yngre nokre færre. Samlingane fram til midten av november vart haldne på Juvass. Etter dette har Ørsta Alpin stort sett trent på Bjorli i godt samarbeid med dei andre klubbane i Møre og Romsdal. I tillegg å var vi så heldige i vinter at Bondalseidet hadde ope og fleire veker med gode treningsforhald. Det er både kjekt og spesielt viktig for rekrutteringa at vi får trene på heimebane.



Vi har arrangert Opelrekrutten med stor suksess denne vinteren. Mellom 10 og 15 ivrige små-alpinistar var med i bitande kulde i fem veker. Dei synte gode feridgheiter og ikkje minst stor skiglede. Vi håper at vi får sjå fleire av dei til vinteren igjen, og at vi får med oss nokre som

aktive alpinistar for Ørsta alpin

I Sparebanken Møre cup har Ørsta så langt i sesongen hatt mange gode plasseringar, mange løparar har oppnådd nye mål og klatra på listene. Dette er veldig kjekt! Henrik Stranden vart nummer tre samanlagt i klassa for gutar U16. Det har ikkje vore arrangert nasjonale renn dette året. Når det gjeld LF og HL så er det inntil vidare utsett til i juni/juli på Juvass på grunn av Covid 19. Skiforbundet vil ta ei endeleg avgjersle på det i veke 21.

Mathea Stranden er klubben sin eldste aktive løpar. Ho byrja på skigymnaset på Oppdal dette året, og har debutert i FIS. Det har vore eit lærerikt år, med både motgang og medgang. FIS- renna har gått som normalt i Noreg, men med mykje testing og karantene. Mathea syner tidvis gode takter i skisporet og det blir spennande å fylgje med vidare.



Vi er no i gong med ein ny skisesesong og har allereie vore på Juvass to helger. Vi håper på ein ny kjekk skisesong der våre alpinistar får utvikle seg vidare.

Tony Stranden, oppmann Ørsta alpin